

Vedtekter for Fjærland bygdalag

Vedtekne 14.04.2014

§1 Organisasjon

Fjærland bygdalag er eit fellesorgan for innbyggjarane i Fjærland. Laget arbeider ikkje for eiga vinning.

§2 Formål

Fjærland bygdalag skal vere forum og pådrivar for utvikling av nye idear og trivselstiltak, og gjennomføring av prosjekt.

Bygdalaget er bygdefolket sin felles interesseorganisasjon og talerør overfor offentlege styresmakter, andre ideelle organisasjonar og private interesser.

§3 Medlemskap

Alle som har bustadadresse Fjærland er automatisk medlemmer i bygdalaget. Medlemmer over 15 år har stemmerett. Andre med interesser i Fjærland har møte- og talerett. Alle vedtak og val i bygdalaget sine organ blir avgjort med simpelt fleirtal der ikkje anna er nemnt.

§4 Årsmøtet

Årsmøtet er bygdalaget sitt høgaste organ, og skal haldast innan utgangen av februar kvart år. Innkalling skal skje ved oppslag, og skriv til husstandane eller kunngjering i presse/sosiale media 3 veker på førehand. Sakliste med årsmelding og innkomne saker blir lagt ut 1 veke før årsmøtet.

Årsmøtet skal:

- Godkjenne innkalling og sakliste.
- Velje møteleiar, referent, og 2 personar til å skrive under møteboka.
- Godkjenne årsmelding og rekneskap.
- Handsame innkomne saker.
- Drøfte oppgåver og satsingsområde for neste periode.
- Velje eit bygdautval såleis: Velje leiar i bygdautvalet for 1 år om gongen. Velje 4 utvalsmedlemmer for 2 år om gongen, slik at 2 er på val kvart år. Utvalet konstituerer seg sjølv.
- Velje 1 varamedlem til bygdautvalet for 1 år om gongen.
- Velje valnemnd på 3 personar for 3 år om gongen, slik at det vert valt inn 1 person kvart år. Den som sit 3. året er leiar og kallar inn valnemnda.
- Velje 2 revisorar for 2 år om gongen, slik at 1 er på val kvart år.

Saker til årsmøtet må vere bygdautvalet i hende seinast 2 veker før møtet.

§5 Ekstraordinært årsmøte

Det kan kallast inn til ekstraordinært årsmøte når bygdautvalet bestemmer det, eller når $\frac{1}{3}$ av medlemmene med stemmerett krev det.

§6 Bygdautvalet

Bygdautvalet er vedtaksført når 3 av dei 5 medlemmene er til stades. Ved likt stemmetal, har leiaren dobbelstemme.

Bygdautvalet arbeider med saker for bygdalaget mellom årsmøta. Bygdautvalet kan knyte til seg personar eller setje ned særskilde utval for å arbeide med spesielle oppgåver. Bygdautvalet kan kalle inn til bygdamøte etter behov. Utvalet skal ha jamleg kontakt med kommunestyregruppa frå Fjærland.

Utvalet skal føre møtebok frå alle utvalsmøte, bygdamøte og årsmøte.

Leiar har signatur.

§7 Økonomi

Bygdautvalet forvaltar midlar frå Fjærland Legat Nr 1, i tråd med vedtak i avviklingsstyret i legatet 17. desember 2009.

Bygdautvalet kan søkje om offentlege og/eller private midlar.

§8 Vedtektsendring

Endringar i desse vedtektene skal vedtakast på årsmøtet med $\frac{2}{3}$ fleirtal av dei frammøtte med stemmerett.

§9 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Fjærland bygdalag kan berre gjerast på to ordinære årsmøte med $\frac{2}{3}$ fleirtal av dei frammøtte med stemmerett. Dersom laget ikkje blir starta opp att innan 3 år, skal eiga løyvast til føremål som kjem innbyggjarane i Fjærland til gode.

Dette dokumentet er ei avskrift av dei underskrivne vedtektene.